

 Helse Førde	Førarkortvurdering		II-FAGP.07-2		
			Dato 24.04.2014	Revisjon 1.00	Side 1 av 3
Faglege prosedyrar Aktivitet/funksjonsstatus	Utarbeidd av Terje Kristiansen/Normund Svoen (PKO)		Godkjent av Fagdirektør Hans Johan Breidablik		
Retningslinje					

1 Føremål

Retningslinje for vurdering av ein person si evne til framleis å køyre bil.



2 Omfang

Utgreining av pasientar for vurdering av evne til bilkøyring.

Lover og retningslinjer som regulerer retten til å inneha sertifikat er heimla i [Lov om vegtrafikk \(vegtrafikkloven\)](#) og [Lov om helsepersonell m.v. § 34. Opplysninger i forbindelse med førerkort og sertifikat](#) med forskrifter), sjå elles detaljer i [Forskrift om førerkort m.m. Vedlegg 1 - Helsekrav](#)

3 Ansvarspresisering

”Lege, psykolog eller optiker som finner at en pasient med førerkort for motorvogn eller sertifikat for luftfartøy, ikke oppfyller de helsemessige kravene som stilles, skal oppfordre pasienten til å innlevere førerkort eller sertifikat. Dersom pasientens helsetilstand antas ikke å være kortvarig, skal helsepersonell som nevnt gi melding til offentlige myndigheter etter nærmere regler fastsatt av departementet i forskrift..” [Lov om helsepersonell m.v. § 34. Opplysninger i forbindelse med førerkort og sertifikat.](#) [Lov om helsepersonell m.v. Kap 6 Opplysningsplikt m.v.](#)

4 Framgangsmåte

Gyldighetstid for førarkort etter bl.a. alder og helse

Sjå [Forskrift om førerkort m.m. - Kap. 4. Gyldighetstid, begrensninger](#)

Bl.a viktig å merke seg «ny» forskrift frå 2010 vedr førarkort for personar med diabetes at «*Førerkortet skal ha varighet på maksimalt fem år dersom innehaveren har diabetes mellitus som behandles med insulin eller andre antidiabetika*»

Spesielt når det gjeld helseattest for eldre bilførarar

Alle bilførarar over 75 år med førarkort i gruppe 1 – lette køyretøy - må ifylgje lovgjevinga ha ny legeattest frå lege med gyldighet 1-3 år (gjeldande frå 19. januar 2013) [Statens vegvesen - Nytt førerkort etter fylte 75 år](#)

Tidsperiode for attesten skal vere bør settast på grunnlag av pasienten sin helsetilstand og forventa progresjon av eventuelle sjukdomar.


Retningslinjer vedrørende inndraging av førarkort

- Legar, optikerar og psykologar har meldeplikt dersom dei oppdagar at ein person ikkje oppfyller dei medisinske krava til å ha førarkort.
- Ved reversible lidingar som varer mindre enn seks månadar er det nok å gje munnleg beskjed til pasienten.
- Det er ikkje naudsynt å sende melding til fylkesmannen, (*men det må journalførast at munnleg melding er gjeve*).
- Melding om inndraging av førarkort går til fylkesmannen som vurderer og sender saka vidare til politiet etter tilråding.
- Pasienten får 14 dagars frist til anten å levere inn førarkortet, eller anke vedtaket.

 Helse Førde	Førarkortvurdering		II-FAGP.07-2		
			Dato 24.04.2014	Revisjon 1.00	Side 2 av 3
Faglege prosedyrar Aktivitet/funksjonsstatus	Utarbeidd av Terje Kristiansen/Normund Svoen (PKO)		Godkjent av Fagdirektør Hans Johan Breidablik		
			Retningslinje		

- Evt praktisk køyreprøve for å vurdere om pasienten er skikka for bilkøyring. *Søknad om praktisk køyreprøve må sendast via fylkeslegen som så gjer avtale med vegtrafikkstasjonen.* Anbefalt å ha med ergoterapeut på ein slik køyretest.
- Politiet kan etter Vegtrafikklova §34 krevje førarprøve når det er skjellig grunn til å tru at innehavaren ikkje fyller helsekrava, eller manglar tilstrekkeleg kunnskap og kvalifikasjonar.

Korleis kan ein vurdere om ein person med symptom på demenssjukdom kan forsette å køyre bil

- Sjukehistorie:
 - alle sjukdomar pasienten har
 - medikamentbruk
 - tidlegare køyreeigenskapar/ - erfaring 
 - *Nyversjon av MMS-test, klokke-test og Trial-making-test B (her bør det nok leggest inn link)*
- Vurdering hjå spesialist.
 - nevropsykolog
- Vurdering av praktiske køyreeigenskapar.
- Evt testing hjå ergoterapeut.

Spørsmål til pårørande ved vurdering av kognitiv evne for bilkøyring.

- *Har det skjedd endring i køyreåtferden ?*
- *Har pasienten køyrt seg vill?*
- *Har pasienten forårsaka eller bidratt til ulykker eller nestenulykker?*
- *Er dei pårørande redde for å sitje på i bilen (eventuelt redde for å la barnebarna sitje på)?*
- *Blir pasienten forvirra i komplekse situasjonar ?*
- *Treng pasienten hjelp av «ko-pilot» for å kunne køyre ?*
- *Er pasienten oppmerksam på korleis køyring påverkar andre?*

Dersom personen kan fortsette å køyre bil

- Kontroll etter 6 – 12 månadar.
- Førebu pasienten på at han vil miste førarkortet om ikkje lang tid.
- Oppfordre evt ektefelle med førarkort til å køyre.
- Informasjon om Transport-kort, (TT-kort).
 - Søknad til kommunen, (eige skjema)
 - Legeattest

Råd for å minske ulykkesrisiko

- Unngå glatt føre
- Nytte rolege gater og vegar
- Køyr fortrinnsvis på kjende stader
- Ikkje køyre om natta
- Ikkje bruk radio eller mobiltelefon
- Unngå rushtid

 Helse Førde	Førarkortvurdering		II-FAGP.07-2		
			Dato 24.04.2014	Revisjon 1.00	Side 3 av 3
Faglege prosedyrar Aktivitet/funksjonsstatus	Utarbeidd av Terje Kristiansen/Normund Svoen (PKO)		Godkjent av Fagdirektør Hans Johan Breidablik		
Retningslinje					

Referansar

Interne referansar

Eksterne referansar

[Forskrift om førerkort m.m. - Kap. 4. Gyldighetstid, begrensninger](#)

[Forskrift om førerkort m.m. Vedlegg 1 - Helsekrav](#)

[Lov om helsepersonell m.v. § 34. Opplysninger i forbindelse med førerkort og sertifikat](#)

[Lov om helsepersonell m.v. Kap 6 Opplysningsplikt m.v.](#)

[Lov om vegtrafikk \(vegtrafikkloven\)](#)

[Statens vegvesen - Nytt førerkort etter fylte 75 år](#)

Engedal Knut, Haugen Per Kristian, Lærebok demens, Aldring og helse, 2005

Bruun Wyller. Torgeir: Geriatri, en medisinsk lærebok, Gyldendal Akademisk, 2011

Anne Brækhus: Demens og bilkøyring, Aldring og helse, 2005 s 361 – 78.

Vedlegg